

## Sommarbygd-plakaten er klar

29.04.2008

# Velkommen til sommarbygda Uskedalen -08



<b>AKTIVITETSDAG</b> i båthamna	14. juni
<b>BØKKERKVELD</b> på Rød	27. juni
<b>FRILUFTSDAG</b> Fjellandsbø	10. aug
<b>MUSEUMSDAG</b> på Bygdetunet Rød	17. aug

## ARRANGEMENT DØNHAUG GJESTEGARD SOMMAREN 2008

Onsdag	30. april	ATLE HANSEN
Laurdag	10. mai	STAVANGERENSEMBLET OG TERJE FRIGÅRD BLUESBAND
Laurdag	14. juni	HEIMALANNE
Laurdag	28. juni	Dobbelkonsert: JONAS FJELD og HENNING KVITNES m/band
Torsdag	3. juli	RICH HARPER BAND - USA
Laurdag	19. juli	RICH HARPER BAND - USA
Torsdag	7. aug	ANDREA RICE m/musikarar
Torsdag	14. aug	ANDREA RICE m/musikarar
Laurdag	16. aug	E 76



## Uskedalen Utvikling - Bygdeutviklingsprosjektet

Plakaten som no er klar og som arrangørane håpar vil lokka mange til Uskedalen.

**Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen Utvikling har no klar ein gjengangar – plakaten for SOMMARBYGDA USKEDALEN.**

Den presenterer det som skal skje av større arrangement utover sommaren og vil bli å sjå både høgt og lågt i distriktet.

Diverre er ikkje sommarprogrammet så tett som i fjor fordi Festidalen har teke pause, men det er likevel mykje som skal skje.

Det startar allereie onsdag kveld med Atle Hansen i Dønhaugkjedlaren og så står Dønhaug-arrangementa i kø framover: Laurdag 10. mai kjem den neste låvedansen, med Stavangerensemblet og Terje Frigård Bluesband. Og så går det slag i slag til E 76 set punktum 16. august.

Aktivitetdagen i båthamna blir eit høgdepunkt også i år, ikkje minst fordi vi no skal få sjå ein variant av "Ta sjansen". Datoen er 14. juni.

Bøkkerkvelden på Rød kjem i år 27. juni medan Friluftsdagen på Fjellandsbø som samla så mange i fjor blir avvikla 10. august. Museumsdagen på Bygdetunet Rød blir 17. august.